



Omvikdalen Bygdekvinnelag

Årsmelding 2013 – 2014



Årsmøte 2013

Årsmelding og rekneskap vart godkjent. Styret fekk fullmakt til å driva innanfor dei økonomiske rammer ein har til rådvelde. Det vert ikkje kravd inn lokal kontingent. Årsmøtet kom med innspel til styret om aktivitetar i laget.



Styret 2013 – 2014

Leiar: Helga Fossheim
Nestleiar: Marian Thunold
Kasserar: Else Margrethe Helleland
Skrivar: Grethe Brundtland
Studieleiar: Solveig Hellesøe Sandvik
Styremedlem: Lene Vangberg Monsen

1.vara.: Kirsten Skaala
2.vara.: Astrid Bjørnebøle Hass
3.vara.: Else Marie Huse

Valnemnd

Leiar: Birgit Mørkve Hjelmeland
Medlem: Else Marie Huse
Vara.: Hanna Bakka

Turnemnd

Leiar: Mette Guddal
Medlem: Tove Apeland
Vara.: Ingvill Gåsemyr Sæberg

Revisorar

Målfrid Lønning
Målfrid Haugse

Styret sitt arbeid

Det har vore halde 8 styremøte og 2 arbeidsmøte. Styret har lagt vekt på å

- oppretthalde og auke aktivitetane i laget,
- gjere laget betre kjent,
- rekruttere nye medlemmer,
- samarbeide med andre organisasjonar

Medlemsmøte

Om lag annakvart møte har vore ope møte med eit tema. Dei andre møta har vore medlemsmøte.
13.11.13 Feiring av laget sitt 85-års jubileum.



- 11.12.13 Julemøte. Samling i Nistovetunet. Vibeke Fredheim las julefortelling. Anna Ingeborg Bjørnebøle fortalte historia til tunet. Servering av gløgg, betasuppe, kaffi/te med kringle og lussekattar.
- 08.01.14 Lysbileteforedrag frå India og ACWW sin verdskonferanse v/Grethe Brundtland.
- 12.02.14 Idar Rangseter fortalte frå sitt utvekslingsopphald i USA
- 12.03.14 Samira frå Somalia og Saba frå Eritrea hadde laga nasjonale rettar og fortalte om maten frå deira heimland.
- 28.03.14 Medlemsfest. Hatteparty med ost, kjeks og vin. Quiz med ny vri.
- 23.04.14 Omvising v/Øystein Skaala og samvær i Steinparken. Korgmat.
- 10.09.14 Klinisk ernæringsfysiolog Linn Anja Vikøren: Råd og tips om ernæring. Forsking på området.



Tur

24.05.14 I år gjekk turen til Ulvik. Innover blei det kjørt over Hardangerbrua og heimover gjennom Jondalstunnelen. I Ulvik var det vitjing av Hardanger Saft- og siderfabrikk og av Ljone staudegartneri samt lunsj på Den grønne kafé. 22 var med på turen.

Kurs

Vår-14 Bakekurs på 20 timar. Lærer Birgit Hjelmeland
Kurs i Nunofilting 15 timar. Lærer Inger Naterstad.
Haust-14 Aksjon Sunn matglede –
Matkurs for born mellom 8 og 14 år.



Strikke kafé

16.10.13 Hjørdis Heggland kåserte om strikking.
19.11.13 Strikke kafé utan anna program.
15.01.14 Sigun Antonsen kom med garn og oppskrifter.
19.02.14 Gerd Laura og Barbro frå garnbutikken DEN BLÅ TRÅD i Austrepollen kom med garn og mønster, og fortalte om den nye butikken.

Strikke kaféane er eit populært tiltak som samlar både medlemmer og ikkje-medlemmer.



Lesering

Med hjelp frå biblioteket vart det i oktober 2013 starta lesering med 7 deltakarar. Desse har møttest omlag ein gong i månaden heime hos kvarandre. Grappa har sjølv valt kva for bøker dei har ønskt å lese.

Jul i Rosendal

Ved marknaden 6.-7.des. hadde laget kafé med sal av betasuppe m/flatbrød om fredagen og sal av risgraut m/spekemat og saft om laurdagen. Det var sal av boka Bonderoser begge dagar.


Matlaging og servering

Ved fleire arrangement har laget stått for matlaging og servering.

12.mars	Årsmøte Tine Indisk gryte, mjølkekaker og kaffi.
6.juli	Rosendal Mat og kunstfestival på Skjethaug Rjomegraut m/saft, mjølkekaker og kaffi.
10.aug	Fjellstreif Betasuppe m/flatbrød og saft, mjølkekaker og kaffi.
21.aug	Arrangement i Nistovetunet v/Sunnhordland Museum Heimebakte skillingsbollar, kaffi og te.
23.aug	Open gard Rjomegraut m/flatbrød, spekemat og saft, mjølkekaker og kaffi.

Bokprosjekt

Laget har ei handskriven bok frå 1937 – 1940, kalla Bonderoser, der medlemmer har skrive tankar om forhold i tida. Det er både dikt og prosa. Styret vedtok å gi ut boka illustrert og med stive permar i samband med laget sitt 85-års jubileum. På jubileumsfesten blei det seld 50 bøker. Seinare har det vore seld bøker under Jul i Rosendal, på fylkesårsmøtet, i bokhandlane og ved direkte sal. Boka har hittil gitt laget ei nettoinntekt på kr. 29 975.



Vitjing til andre bygdekvinnelag

Grethe Brundtland har halde foredrag om ACWW sin verdskonferanse i India og om reisa i India. Ho har vitja følgjande lag:

11.nov.	Sveio Bygdekvinnelag
25.febr.	Osterøy Bygdekvinnelag

29.april Bjørgum Bygdekvinnelag
28.aug. Stord Bygdekvinnelag
30.sept. Huglo Bygdekvinnelag



Samarbeid med helselaga

Rosendal helselag tok initiativ til eit fakkeltog med etterfølgjande møte om eldreomsorga i kommunen. OBK støtta arrangementet økonomisk og ved å delta.

Stønad frå laget

Laget har ytt stønad til følgjande:

Lauvsprett 4H	kr. 1000 gåve v/årsfest, Else Margrethe Helleland representerte OBK
Lauvsprett 4H	kr. 700 tilskot for innsats under NutenOpp
Demensinnsamling	kr. 1600
Kvinneprojekt i Nigeria	kr. 2000
Lunsj for kommunestyret	kr. 1000 Samarbeid med Bondelaget
Steinparkens Venner	kr. 1000

Omtale i pressa

Laget har fått god dekning av lokalavisene dette året. Både Grenda og Kvinnheringen tok inn referat og bilete frå laget sitt årsmøtet i 2013 og frå fylkeslaget sitt årsmøte i år. Dei omtala og Marit Elisebet sitt foredrag på fylkesårsmøtet. Vidare har begge avisene hatt reportasjar med bilete frå laget si markering av 85-års jubileet. Kvinnheringen laga reportasje med bilete frå hattefesten laget hadde i vår, og Grenda laga reportasje med bilete frå basaren til inntekt for vedlikehald av Kvinnherad kyrkje.

Matfestival i Bergen

Helga Fossheim sto på Hordaland Bygdekvinnelag sin stand under festivalen og informerte om bygdekvinnelaga.

Bygdekvinneireif

09.11.13 Bygdekvinneireif på Utne, 3 representantar frå laget deltok, pluss Else Helleland som representerte fylkesstyret.
22.02.14 Bygdekvinneireif på Voss, 2 representantar frå laget deltok, pluss Else Helleland som representerte fylkesstyret.
24.08.14 Bygdekvinneireif i Bekkjarvik, 11 representantar frå laget deltok

Bygdekinnestreifa vert arrangert av Hordaland Bygdekvinne­lag. Alle lag i fylket vert inviterte. Ikkje­medlemmer kan og delta.

Årsmøte i Hordaland Bygdekvinne­lag

Tysnes Bygdekvinne­lag og Omvikdalen Bygdekvinne­lag var tekniske arrangørar for fylkesårsmøtet 2014. Årsmøtet vart halde på Rosendal Fjordhotell. Helga Fossheim, Lene Vangberg Monsen og Grethe Brundtland deltok som representantar for laget. Marita Handegard deltok som observatør. Else Margrethe Helleland deltok som 1.varamedlem til fylkesstyret.



Dimmelsvik, den 01.10.2014

Grethe Brundtland
skrivar